

Vanylven kommune

► Detaljregulering Åheim sentrum

Planomtale

Plan-ID: 201802



Oppdragsgiver: Vanylven kommune
Oppdragsgivers kontaktperson: Helge Kleppe
Rådgiver: Norconsult AS Retirovegen 4, NO-6019 Ålesund
Oppdragsleder: Pernille Ibsen Lervåg
Fagansvarlig: Pernille Ibsen Lervåg (plan)
 Robin Sætre (veg)
Andre nøkkelpersoner: Ingvild Yri (landskapsarkitekt)
 Berit Wold (arkitekt)
 Magnus Bach-Gansmo (stormflo og bølger)
 Adam Suleiman (støy)
 Henrik Opaker (flom)
 Gro Sandøy (skred)
 Kevin Medby (ROS)
 Siv K. Sundgot (KS)

04	2023-06-28	Justert etter vedtak i kommunestyret 27.06.23	PERLER		PERLER
03	2023-02-21	Klar for 3.gongs høyring	PERLER		PERLER
02	2022-12-02	Justert etter 2.gongs høyring	PERLER		PERLER
01	2022-03-21	Klar for 2.gongs høyring	PERLER	SIKU	PERLER
Versjon	Dato	Beskrivelse	Utarbeidet	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidet av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandler. Opphavsretten tilhører Norconsult AS. Dokumentet må bare benyttes til det føremål som oppdragsavtalen beskriver, og må ikke kopieres eller gjøres tilgjengelig på annen måte eller i større utstrekning enn føremålet tilsier.

Samandrag

Reguleringsplanen skal sikre ein meir framtidsretta infrastruktur for fylkesvegane på Åheim og særleg der tre fylkesvegar møtast i eit «skeivt» X-kryss som utgjer eit vesentleg faremoment ift. trafikktryggleik og tryggleik for mjuke trafikantar. Sekundært skal planen legge opp til ei meir langsiktig utvikling av Åheim både med sentrumsutbygging, næringsverksemd, fritid og turisme samt fleire bustader.

Det er planlagt ei rundkøyring på fylkesvegen som oppfyller krava i SVV si handbok N100 og som vil forbetre trafikkbiletet og auke trafikktryggleiken betrakteleg. Kryssingspunkta mjuke trafikantar er planlagt slik at ein kan krysse vegen på ein trygg måte der bilane har lavast fart og god oversikt. Det er planlagt kantstopp for buss nær fylkesveg/bensinstasjon der bussen stopper i dag.

Det har i planarbeidet vore fokus på å bevare eksisterande næringsverksemd på Åheim. Samtidig tilrettelegg planen for at sentrum skal bli meir attraktiv for rekreasjon og opphald både for innbyggjarane på Åheim, men også for turistar. Det er ønskeleg å gjere Åheim til ein destinasjon der turistar både stoppar og blir. Det er lagt til rette for turisme nær av St.Jetmund kyrkje, men utan å kome i konflikt med siktlinjene frå kyrkja og dyrka mark sør for kyrkja.

Det er planlagt fortau på sørsida av St.Jetmund-vegen og målet er legge til rette for utvikling av ei handlegate som både vert opplevd trygg og attraktiv.

All rekreasjon og opphald er sentrert rundt elva som gjennom planen har ei tilrettelegging som er reindyrka for mjuke trafikantar og rekreasjonsføre mål. Næringsområdet i den sentrale delen av Åheim skal framleis vere næring og ha areal for framtidig utvikling. Mjuke trafikantar vert leia utanom næringsområdet.

Innhold

1	Bakgrunn og planprosess	6
1.1	Bakgrunn for planarbeidet	6
1.2	Oversikt over endringar gjort etter 1.gongs ettersyn	6
1.3	Oversikt over endringar gjort etter 2.gongs ettersyn	7
1.4	Kva er ei detaljregulering	8
1.5	Planprosess og vurdering av krav til konsekvensutgreiing	9
1.5.1	<i>Varsel om igangsett regulering</i>	9
1.5.2	<i>Konsekvensutredning</i>	10
1.5.3	<i>1.gongs offentleg ettersyn av planforslag</i>	10
2	Planstatus og rammevilkår	11
2.1	Nasjonale rammer og føringar	11
2.2	Regionale rammer og føringar	11
2.3	Kommunale planar og føringar	12
2.3.1	<i>Kommuneplanens arealdel</i>	12
2.3.2	<i>Eksisterande reguleringsplanar</i>	13
2.3.3	<i>Planar under arbeid</i>	13
3	Eksisterande forhold	14
3.1	Lokalisering og arealbruk	14
3.2	Landskapsbilete og staden sin karakter	15
3.3	Trafikkforhold	22
3.4	Born og unge	24
3.5	Naturressursar	25
3.6	Naturmangfald	27
3.7	Friluftsliv og turisme	28
3.8	Kulturminne og kulturmiljø	29
3.9	Grunnforhold	33
3.10	Flaum	34
3.11	Skred	34
3.12	Støy	35
3.13	Teknisk infrastruktur	35
4	Vurderte, men forkasta alternativ	36
5	Planforslag	37
5.1	Hovudgrep	37
5.2	Arealføremål	43
5.3	Områdevis gjennomgong av planforslag med fokus på endringar frå tidlegare planforslag	44

5.3.1	<i>Rundkøyning og bensinstasjon</i>	44
5.3.2	<i>Åheim sentrum</i>	45
5.3.3	<i>Bustadområde nord for St.Jetmund-vegen</i>	46
5.3.4	<i>Næringsområde nord for Åheim</i>	46
5.3.5	<i>Åheimtun/Jetmund gjesteheim</i>	47
5.3.6	<i>Området rundt St. Jetmund kyrkja</i>	47
6	Verknader og konsekvensar av planforslaget	48
6.1	Arealbruk	48
6.2	Landskapsbilete og staden sin karakter	48
6.3	Trafikkforhold og trafikktryggleik	48
6.4	Born og unge	49
6.5	Naturressursar	49
6.6	Naturmangfald	50
6.6.1	<i>Naturmangfaldslova §§ 8-12</i>	50
6.6.2	<i>Vassressursloven – kapittel tilføyd etter 2.gongs offentleg ettersyn</i>	51
6.7	Friluftsliv og turisme	51
6.8	Kulturminne og kulturmiljø	52
6.9	Grunnforhold	52
6.10	Flaum	52
6.11	Skred	53
6.12	Støy	53
6.13	Teknisk infrastruktur	54
6.14	Risiko- og sårbarheitsanalyse	54

1 Bakgrunn og planprosess

1.1 Bakgrunn for planarbeidet

Hovudmålet med planarbeidet er å sikre ein meir framtidsretta infrastruktur for fylkesvegane på Åheim og særleg der tre fylkesvegar møtast i eit «skeivt» X-kryss som utgjer eit vesentleg faremoment ift. trafikktryggleik og tryggleik for mjuke trafikantar. Sekundært skal planen legge opp til ei meir langsiktig utvikling av Åheim både med sentrumsutbygging, næringsverksemd, fritid og turisme samt fleire bustader.

Forslagsstillar er Vanylven kommune og Norconsult AS er planrådgjevar.

1.2 Oversikt over endringar gjort etter fyrste høyring


Planforslaget var lagt ut til fyrste gongs høyring i 2020. Det kom inn mange merknader og motsegner til planen og det blei før andre gongs høyring i 2022 gjort ein del endringar:

- Den vestlegaste delen av planforslaget er tatt ut, slik at ny plan grenser inn til reguleringsplanen Åheim Vest småbåthavn (plan-ID: 201001)
- Området lengst vest (St. Jetmund-vegen 94, 96, 98, 100, 102 og 104) er omarbeidd
- Parkeringsplassen aust for St.Jetmund-vegen 94 og 96 redusert og det er lagt til eit område for campingplass etter ønske frå eigar av området. Avgrensinga av campingplassen er skråstilt for å ivareta sikt til/frå St.Jetmund kyrka.
- Område for kyrkje/kyrkjegard er avgrensa litt annleis enn i tidlegare utkast.
- Arealføremålet for Jetmund gjesteheim er endra frå bustad/tjenesteyting (B/T1) til næring/tjenesteyting. Arealet vest for gjesteheimen er endra til fritid/turisme.
- Området som i tidlegare plan heitte o_B/T2 er endra til et kombinert føremål for næring/tjenesteyting.
- Dobbeltssidig fortau langs St.Jetmund-vegen er tatt vekk. Fortau er lagt på sørsida av vegen.
- Vegsystemet i nytt bustadområde (BFS8) er endra og det er tatt ut to foreslått bustadtomter for å hensynta Skogly betre. Det er og lagt til fleire leikeplassar i planen.
- Det er ikkje brukt sentrumsføremål i detaljreguleringsplanen. Området som i dag er næringsverksemd (Sparelys mm) skal framleis vere næringsverksemd (BKB1).
- Gangsamband, parkar og torg inne i næringsområdet er tatt vekk. Det er fokusert på å finne løysingar som leier mjuke trafikantar utanom dette området.
- Reguleringsgrensen mot elva er lagt i eksisterande utfylling (inga utfylling i elva, med unntak av ei smal stripe ved vika i vest for å komme forbi bustadhus med ein turveg).
- Busshaldeplass er etter avklaring med Møre og Romsdal fylkeskommune flytta nærare fylkesvegen, butikkar, bensinstasjon og skule.
- Heile området der det tidlegare var foreslått for nye bustadar aust for fylkesvegen er tatt ut av planen.
- Området nord i planen som i tidlegare planforslag var avsett til landbruksjord (LL3) og vegetasjonsskjerm (GV2) er endra til nærings føremål (BN).
- Det er gjort støy-, flaum- og bølgeberekningar og lagt inn faresoner knytt til støy, høgspenteleidningar, flaum og bølger på plankartet med tilhøyrande føresegnar.
- Det er lagt inn registrerte kulturminne.
- Det er lagt inn avkøyrsepliser.
- Rundkøyringa er justert slik at den oppfyller krav i SVV si handbok N100.
- Bygg som blir regulert vekk i planen er markert med kryss over.
- Det er i tillegg utført medverknad med elevar ved Åheim skule bla. ved bruk av Barnetråkk.
- Det er laga illustrasjonar og fotomontasjar.

1.3 Oversikt over endringar gjort etter andre gongs høyring

Planen var lagt ut på ei ny høyring i 2022. Under listes opp endringar gjort som følgje av høyringa. Det blir også vist til vedlagte merknadsbehandling.

- Utsnittet under til venstre er plankart ved 2.gongs ettersyn. Utsnittet til høgre er justert plankart.





«Annan veggrunn» langs BKB2-4 langs St. Jetmundsvegen er fjerna, og fortauet er i staden gjort breiare. Dette for å understreke ønsket om å etablere ein attraktiv gatestruktur med ulike soner for mjuke trafikantar, f.eks ala Kjøpmannsgata på Hareid:



Langsgående parkering (SPA1) er fjerna, og erstatta av en felles parkeringsplass for BKB1, BKB3 og BKB4. Byggegrensa for BKB2-4 ligg mot St. Jetmundsvegen i formålsgrensa, for å oppnå gatestruktur.

- BKB1 er endra frå formål «Forretning/kontor/industri» til «Kontor/lager».
- BKB5-7 er endra tilbake til bustad/tenesteyting.
- Det er lagt inn byggegrense på 5 meter mellom rasteplassen (SR1) og BKB2.
- BFS2 har ikkje tilkomst via fortau.
- «Faresone for høgspontanlegg» er endra til «Bandlegging etter anna lovverk, H720».
- Føresegnene er forenkla noko, etter ønskje frå Statsforvalter.
- Føresegnene knytt til flaum, støytiltak, leikeplassar og ansvarsrett geoteknikk er oppdatert.
- Det er tilføyd fleire rekkefølgeføresegner.
- Det er lagt til eit kapittel om vassressurslova i planomtalen.

- Vika/bukta vest i planområdet er foreslått fjerna og elvebredden retablert i en meir rett linje. Dette etter ønske frå grunneieren (sjå merknad frå Støvreide). Turvegen er lagt opp om campingplassen (BC) etter ønske frå familien Osnes som ikkje ønsker turvegen langs elva forbi huset sitt. Utsnittet under til venstre viser plankart ved 2.gongs ettersyn. Utsnittet til høyre viser justert plankart.



1.4 3. gongs høyring vinteren 2023

Planen vart lagt ut på tredje gongs høyring i februar 2023. I tillegg til endringane lista opp i kap. 1.3 vart det gjort to endringar etter innspel frå grunneigarane:

- Omsynssone knytt til den gamle husmorskulen/direktørbustad (Skogly) er fjerna.
- Grøntbeltet mellom BAA2 og elva er fjerna.

1.5 Endringar etter 3.gongs høyring

- BKB 6 er utvida etter ynskje frå grunneigar
- BLK4 og BLK5 er slått saman (til BLK4)
- Gangveg langs elva er avslutta ved BFT1 og ført opp til fortauet langs St.Jetmundvegen
- O_SKV8 er utvida noko slik at det blir plass for bussoppstilling
- Omsynssonen bak kyrkja (H570_2) er avgrensa noko etter samråd med fylkeskommunens kulturavdeling.
- Bustadstomter bak Skogly (BFS8) er fjerna, og vegen til Skogly ligg slik som i dag.

Møre og Romsdal fylkeskommune har på det sterkaste oppfordra Vanylven kommune til å følge opp eigen nyleg vedtatt kulturminneplan og sikre at den gamle husmorskulen/direktørbustaden (Skogly) vort tatt vare på for framtida. Vanylven kommune ønsker å følge dette rådet og har jobba mykje med gode føresegner til omsynssona som både skal ivareta noverande eigar sitt ønske om at det ikkje vort bygd bustadar bak eigedommen, samt å ivareta det flotte renoveringsarbeidet som dagens eigarar har utført. Vanylven kommune har derfor lagt inn følgande føresegner til omsynssona som dekkjer Skogly eigedommen:

«Det kan ikkje delast eller seksjonast frå nye tomter frå eigedomen. Bygningar innanfor omsynssona skal takast vare på og er ikkje tillatne rive, fjerna eller flytta. Bygningane kan vedlikehaldast på vilkår av at hovudutforming, takform, materialbruk, detaljering og fargesetting vort oppretthalde eller ført tilbake til tidlegare utforming, dersom slik utforming kan dokumenterast. I eksteriøret skal opphavlege/eldre materialar og fasadeelement som vindauge, dører, listverk, kledning, takteking, overflatehandsaming, fargar m.m., takast vare på. Dersom dette ikkje let seg gjere, skal dei erstattast med kopiar av bygningsdelane som vort skifta ut eller, der eldre element har vore skifta i nyare tid, vort søkt tilbakeførte. Moderniserte delar av bygningane kan førast tilbake til dokumentert tidlegare utforming. Nye tiltak innanfor omsynssona skal tilpassast den eksisterande bygninga når det gjeld plassering, storleik (grunnflate og høgde), fasadekomposisjon, takvinkel, materialbruk, detaljering og farge. Før det vort tatt standpunkt til søknadspiktige tiltak, skal dei sendast regional kulturmiljømynde til fråsegn». Slettet i samsvar med vedtak i kommunestyret 27.06.23.

1.6 Kva er ei detaljregulering

Reguleringsplanen er utarbeidd som ei detaljregulering etter plan- og bygningslova (pbl.) §12-3. Den formelle planhandsaming skjer i samsvar med pbl. §§ 12-10. Ei detaljregulering er eit detaljert plankart med føreseggner og planomtale. Detaljregulering skal følgje opp og konkretisere overordna arealdisponering i kommuneplanen sin arealdel, kommunedelplan eller områderegulering. Føremålet med ei detaljregulering er difor å fastsetje meir i detalj korleis arealet innanfor planområdet skal utnyttast eller vernast.

Detaljreguleringa er også i mange høve nødvendig rettsgrunnlag for gjennomføring av tiltak og utbygging, blant anna ved eventuell oreigning (ekspropriasjon) av grunn. Reguleringsplanen skal syne tiltaket og bruk av dei areal som blir nytta. Planforslaget for Åheim sentrum består av følgjande dokument:

Dok-nr.	Tittel	Ansvarleg	Dato
Dokument 1	Planomtale (dette dokumentet)	Norconsult AS	28.06.2023
Dokument 2	Føreseggner	Norconsult AS	28.06.2023
Dokument 3	Plankart	Norconsult AS	28.06.2023
Dokument 4	ROS-analyse	Norconsult AS	16.03.2022
Vedlegg 1	Trafikkanalyse Åheim sentrum	Norconsult AS	12.03.2022
Vedlegg 2	Barnetrakkregistrering ved Åheim skule	Norconsult AS	17.02.2022
Vedlegg 3	Flomvurdering Åheim	Norconsult AS	18.08.2021
Vedlegg 4	Stormflo- og bølgeanalyse, versjon 2	Norconsult AS	02.11.2022
Vedlegg 5	Geotekniske grunnundersøkelser Åheim	Norconsult AS	25.06.2021
Vedlegg 6	Vurdering av områdestabilitet for Åheim sentrum og Tuekrysset i Vanylven kommune	Norconsult AS	04.10.2021
Vedlegg 7	Skredfarevurdering Åheim sentrum	Norconsult AS	25.06.2021
Vedlegg 8	Støyutredning Åheim sentrum – versjon 2.	Norconsult AS	28.10.2022
Vedlegg 9	Illustrasjonar elvepromenade	Norconsult AS	2022
Vedlegg 10	Oppsummering av innkomne innspel ved varsel om planoppstart i 2018	Vanylven kommune	2018
Vedlegg 11	Oppsummering av innkomne merknader ved 1. gongs offentlig ettersyn i 2020	Norconsult AS	08.03.2022
Vedlegg 12	Arkeologisk rapport 2021. Åheim sentrum.	MR- fylke	2021
Vedlegg 13	Oppsummering av innkomne merknader ved 2. gongs offentlig ettersyn våren 2022	Norconsult AS	02.12.2022
Vedlegg 14	Oppsummering av innkomne merknader ved 3. gongs offentlig ettersyn vinteren 2023	Norconsult AS	26.05.2023

1.7 Planprosess og vurdering av krav til konsekvensutgreiing

1.7.1 Varsel om igangsett regulering

Oppstart av planarbeidet vart vedtatt i Formannskapet 26.06.2018, sak 90/2018. Planarbeidet vart varsla av kommunen den 15.08.2018 gjennom brev, avisannonse og oppslag på heimesida. Området det vart varsla oppstart for er vist i Figur 1. Oppsummering av merknadene og tilhøyrande kommentarar er ikkje endra sidan 1.gongs ettersyn (sjå vedlegg 10). Det vart gjennomført medverknadsmøte med innbyggjarane på Åheim 29.08.2018. Det var godt oppmøte med over 60 personar som fekk orientering om planarbeidet samt moglegheit for å kome med innlegg.



Figur 1: Planområde ved varsel om oppstart i 2018.

1.7.2 Konsekvensutredning

Planarbeidet er innleilingsvis vurdert etter forskrift om konsekvensutredninger §6 og det vart vurdert at delar av planforslaget skulle konsekvensutgreiast etter bokstav b og vedlegg I. Dette omfatta bustadområde (BKB1-8) aust for fv.61 og utfyllinga i sjøen utanfor BI 1 og 2. Desse områda er seinare tatt ut av planen.

Planen er i all hovudtrekk i tråd med kommuneplanen sin arealdel, med unntak av næringsområdet som no er lagt inn heilt nord i planområdet. Kommunen har vurdert at denne endringa ikkje medfører krav om konsekvensutgreiing.

1.7.3 Offentleg ettersyn av planforslag

Planforslaget har vore på 1. gongs høyring i 2020, og det kom da inn 13 merknadar og varsla motsegn på rundt 10 forhold. Disse er oppsummert og kommentert i vedlegg 11 og skal i si heilheit følgje saka ved politisk handsaming. Norconsult AS har sidan hausten 2021 bistått Vanylven kommune med nødvendige utgreiingar og endringar av planen (sjå oversikt i kap. 1.2). Planforslaget har vore på 2. gongs høyring våren 2022. Merknadene er oppsummert og kommentert i vedlegg 13. Endringar er beskrevet i kap. 1.3 og 1.4. Planforslaget har vore på 3. gongs høyring vinteren 2023. Merknadene er oppsummert og kommentert i vedlegg 14. Endringar er beskrevet i kap. 1.5 .

2 Planstatus og rammevilkår

2.1 Nasjonale rammer og føringar

- Lov om planlegging og byggesaksbehandling (Plan- og bygningslova), LOV-2008-06-27-71.
- Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2019–2023
- Lov om forvaltning av naturens mangfold (Naturmangfoldsloven). LOV-2009-06-19-100.
- Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning, FOR-2018-09-28-1469
- Forskrift om konsekvensutredninger, FOR-2017-06-21-854
- Nasjonal jordvernstrategi, Prop. 127 S (2014–2015)
- Miljøverndepartementets retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T1442
- Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging - Metode for risiko- og sårbarheitsanalyse i planlegginga. Veileder DSB, 2017.

Plan og bygningslova samt Nasjonale forventningar legg rammer og føringar for korleis ein planprosess skal gå føre seg og med kva mål. Dei statlege planretningslinjer skal saman med sektorlover, forskrifter og rettleiarar brukast til å utforme planforslag i tråd med nasjonale rammer og føringar.

2.2 Regionale rammer og føringar

- Fylkesplan for berekraftfylket Møre og Romsdal
- Regional planstrategi Møre og Romsdal 2020-2024
- Fylkesstrategi for samferdsel 2021-2024 med kunnskapsgrunnlag
- Landbruksmeldinga for Møre og Romsdal 2017-2021

Fylkesplanen er den overordna planen for samfunnsutvikling i Møre og Romsdal. Planen skal gi fylkeskommunen, kommunale og regionale styresmakter, næringsliv, institusjonar og organisasjonar i fylket eit prioriterings- og avgjerdsgrunnlag. Planen skal også bidra til godt samarbeid og samhandling i fylket.

Møre og Romsdal har sett seg fire langsiktige utviklingsmål:

1. Møre og Romsdal skal vere eit føregangsfylke på samarbeid
2. Møre og Romsdal skal bli miljøfylke nr. 1
3. Møre og Romsdal skal vere eit attraktivt og mangfaldig fylke der folk vel å bu
4. Møre og Romsdal skal ha eit internasjonalt leiande næringsliv og ein innovativ offentleg sektor

Eit av måla under hovudmål 4. er at Møre og Romsdal skal «skape fleire og betre nyetableringar og løfte fram bedrifter med potensial for vekst og internasjonalisering». Vanylven kommune ønsker at denne reguleringsplanen skal bidra til nyetableringar og vekst på Åheim. Området for turisme og fritid ligg strategisk godt til i forhold til turisme langs kysten både på land og på sjøen.

Fylkestinget vedtok ved handsaminga av landbruksmeldinga for Møre og Romsdal 2017-2021 at den årlege omdisponeringa av dyrka jord i fylket ikkje skal overstige 200 dekar i 2021. Difor er området aust for fylkesvegen tatt ut av reguleringsplanen.


2.3 Kommunale planar og føringar

Kommunal planstrategi og kommuneplanen sin samfunnsdel er dei mest sentrale dokumenta som skildrar kommunen sine målsetjingar og satsingsområde. Vidare konkretiserer arealdelen til kommuneplanen korleis måla skal nåast gjennom konkret arealdisponering. Arealdelen skal vise kommunen sine planar for utvikling i konkrete område. I Vanylven kommune er desse dokumenta utdaterte og modne for rulling.

Vanylven kommune jobbar for tida med ein ny samfunnsdel. Planprogrammet for arbeidet var vedtatt i kommunestyret, sak 12/2019, og seinare revidert i november 2020. I eksisterande samfunnsdel «Vanylven kommune mot år 2020» har kommunen lagt vekk på blant anna ei satsing på auka turisme og næringsliv. Denne satsinga vil bli enda tydelegare i den nye samfunnsdelen som er forventa ferdig i løpet av 2022. Også eksisterande arealdel er fleire år gamal (vedtatt 27.03.2014 sak 23/2014) og kommunen ønsker å rullere den så snart ny samfunnsplan er vedtatt. I den vil satsinga på både næring og turisme bli konkretisert.

2.3.1 Kommuneplanens arealdel

Planområdet er i kommuneplanen sin arealdel avsett til bustader, friområde, offentleg/ privat tenesteyting, LNF-R, sentrumsføremål, parkering, grav- og urnelund, samferdsel- og teknisk infrastruktur.



Figur 2: Utsnitt av kommuneplanens arealdel for det aktuelle området

2.3.2 Eksisterende reguleringsplanar

Det er ingen gjeldande reguleringsplanar innanfor området. I vest grensar planen til reguleringsplan for Åheim Vest småbåthavn (plan-ID: 201001) vedtatt i 2011.




Figur 3: Oversikt over godkjente reguleringsplanar i området.


2.3.3 Planar under arbeid

Vanylven kommune jobbar med to tilgrensande detaljreguleringsplanar:

- Gang- og sykkelveg langs fylkesvegane sør for Åheimsbrua (meldt oppstart på i 2018)
- Tue-krysset (meldt oppstart i 2021), senere omdøpt til «Turistknutepunkt Vanylven».



Figur 4: Reguleringsplanforslag for ny g/s-veg sør for Åheimsbrua.




Figur 5: Reguleringsplanforslag for nytt Turistknutepunkt ved Tue-krysset. Det er en forutsetning for denne planen at g/s-vegen (med tilkomst til området) blir vedtatt først.


3 Eksisterende forhold

3.1 Lokalisering og arealbruk

Åheim ligg sørvest i Vanylven kommune ca. 25 km inn i Vanylvsfjorden og er ei av dei største bygdene i Vanylven med sine ca. 300 innbyggjarar der berre Fiskå er større med ca. 500. Åheimselva avgrensar Åheim sentrum mot sør og munnar ut i Vanylvsfjorden frå søraust. Det er fleire bedrifter som held til på Åheim blant annet Sibelca (utanfor planområdet) samt Sparelys midt i sentrum.



Figur 6: Lokalisering i Vanylven kommune.



Figur 7: Oversiktskart Åheim.

3.2 Landskapsbilete og staden sin karakter

Gruvedrifta (olivin) på Åheim starta i 1948 og har vært/er viktig for utviklinga av Åheim. Åheim sentrum ligg i stor grad på fylling sørvendt mot Åheimselva. På historiske bilete frå [finn.no](http://www.finn.no) ser ein at det før 1965 i liten grad er bygningar sør for St. Jetmund-vegen.



Figur 8: Historisk flyfoto frå Åheim frå www.finn.no.

Terrenget i sentrum er relativt flatt og svakt hellende frå nordaust-sørvest. Åheim ligg omkransa av fjell mot aust og eit opnare kystlandskap mot vest.

Åheim er orientert mot Åheimselva. Det er tydelege elvebankar langs elva der det ikkje har vore utfyllt.

Fv.61 som ligg ovanfor sentrum ligg på eit høgare nivå enn sentrumsområdet. Det er landbruksjord og eldre gardstun på sørsida av elva.



Figur 9: Bilete tatt frå Åheim sentrum mot aust. Store delar av sentrum ligg på fylling. Det er rekkverk mellom veg og elv.



Figur 10: Bilete tatt frå Åheim sentrum mot vest. Klungholmen med gapahuk ligg i elva midt i biletet.

Planområdet består av spreidd busetting, to matbutikker, ein bensinstasjon, næringsbygningar, kyrkje og dyrka mark. Det har vore relativt lite utvikling i sentrum siste åra. Det er utflytande parkeringsareal framom om lag alle bygg.



Figur 11: Bunker Oil og Spar på Åheim med valma tak og flatt tak på overbygning for pumpestasjon.



Figur 12: Coop Byggmix og Coop Marknad på Åheim.



Figur 13: Møbelringen var i dette bygget med flatt tak fram til 2021. Bygget står per dags dato tomt.



Figur 14: Gamle Sunnmørsbanken i utkanten av sentrumskjerna med to etasjer og flatt tak.




Figur 15: Gamle tekstilfabrikk med flatt tak i ytterkant av sentrumsområdet (mot vest) med privat bustad i bakkant med valmtak. Inne i den sentrale delen av dette området er det ein bilverkstad.

Bilete frå den vestlegaste delen av planområdet:



Figur 16: Bilete tatt frå piren inn mot det vestlegaste området av planen.



Figur 17: Bilete tatt frå det vestlegaste område av planen mot aust.

Sjølve sentrum består i all hovudtrekk av næringsverksemd og ulike kontor/forretning:



Figur 18: Det sentrale området i Åheim sentrum.



Figur 19: Det sentrale området i Åheim sentrum, med Sparelys sine bygg til venstre i bildet.

Sentrum er dominert av næringsbebyggelse av varierende arkitektonisk kvalitet, men langs St.Jetmund-vegen er det ei kort strekning med gatestruktur og fleire fine eldre hus, blant anna ungdomshuset/Framheim.



Figur 20: Eksisterande allé på Åheim.



Figur 21: Ungdomshuset (Framheim) på Åheim (også skildra under kulturminne).

3.3 Trafikkforhold


Fv. 61 er hovedveg nord-sør. Innanfor planområdet er det kryss med fv. 5858 mot vest og fv. 5850 mot aust. Dei to T-kryssa ligg veldig tett på kvarandre (ca. 20 meter frå senter kryss til senter kryss). Krysset fungerer tilnærma som eit x-kryss. Kryssutforminga gir et uoversiktleg bilete for fleire trafikantgrupper.



Figur 22: Fv.61 med avkjørsel til fv. 5850 til venstre og fv.5858 mot høgre.

Statens vegvesen (SVV) teller og bereknar trafikken på alle riks- og fylkesvegar. Den gjennomsnittlege trafikkmengda i løpet av eit døgn gjennom året vert kalla årsgjennomsnittlig trafikkmengde (ÅDT). ÅDT på fv. 61 er 1130 køyretøy, der 15 % er lange køyretøy. Fv. 5858 i retning sentrum, har trafikkmengde 400, og fv. 5850 i aust har 640. Fartsgrensa på fv. 61 er 40 km/t, på fv. 5858 og fv. 5850 er fartsgrensa 50 km/t.

Det er i SVV si database Vegkart registrert fleire trafikkulykker langs fv. 61 samt på St.Jetmund-vegen. Det er ingen registrerte ulykker i krysset mellom fylkesvegane dei siste 10 års, sjå figur 23.



Figur 23: Oversiktskart over ulykker i området

Rett sør for kryssa ligger Åheimselva som fv. 61 kryssar med ei smal bru. Det var fram til ca. 2015 tovegstrafikk på brua. Brua blei då omgjort til å ha eit køyrefelt med biltrafikk og det vart etablert brei skulder på delar av det som tidlegare var køyrefelt. Det vart etablert signalregulering for køyrande på brua.



Figur 24: Brua over Åheimselva.

Fv.5858 (St. Jetmund-vegen) går vidare vest mot Åheim småbåthamn og har to 90 graders svingar rett etter bensinstasjonen som medfører utfordringar for større køyretøy.



Figur 25: To svingar på smal veg mot sentrum, Åheimtun, kyrkja og Åheim småbåthamn.


Delar av St. Jetmund-vegen, som er relativt smal, er etablert med fortau på den eine sida av vegen. Fortauet har varierende breidde. Der det ikkje er fortau må mjuke trafikantar og øvrig trafikk dele vegarealet.

3.4 Born og unge

Det er i dag få område som er tilrettelagt for barn og unge. Tilkomst til skule/ idrettsplass inneber for nokon kryssing av både Åheimselva og fv. 61. Trafikkbiletet for born som skal til/frå skule/idrettsplass er komplisert.

Norconsult utførte på oppdrag for Vanylven kommune Barnetråkk-registrering 10.02.22. Generelt viser registreringane at elevane i stor grad nyttar det etablerte vegsystemet når de beveger seg rundt i sitt nærmiljø. Registreringane viser at fv. 620, fv. 61 Vanylvsvegen, Ospelia og Dalavegen er viktige hovudferdselsvegar for elevane. Flesteparten av barn og unge busatt på sjølve Åheim har registrert at dei sykklar til/frå skulen. Elevane har registrert kryssa fv. 61 Vanylvsvegen x fv. 620 og krysset fv. 61 Vanylvsvegen x Dalavegen som utfordrande. Spesielt vert det meldt om mykje trafikk i sistnemnde kryss. Videre er fv. 61 Vanylvsvegen registrert som ein veg med mykje trafikk og mørke busstopp. I tillegg er det fleire som har registrert sentrum av Åheim som mørkt. Dei mest brukte snarvegane var over parkeringsplassane ved Coop, Joker og St. Jetmund-vegen i Åheim sentrum.

Utsnittet under viser registrerte positive og negative stadar samt aktivitet/møteplassar på og rundt Åheim.




Figur 26: Utsnitt frå Barnetråkkregistreringen utført på Åheim ungdomsskule 10.02.22.

Dei negative registreringane omhandlar i hovudsak falleferdige bygningar, behov for oppussing, dårleg belysning, søppel, trafikk og generell utryggheit. Spesielt gjeld dette Åheim sentrum, Småbåthamna og Åheim skule der fleire melder om stygge bygningar og dårleg belysning. Det er også fleire som har registrert ønske om gang- og sykkelveg langs elva/ St. Jetmund-vegen.

Dei positive registreringane og aktivitetane omhandlar i stor grad grøntområde, fjell- og skogsområde, badevatn og parkar/leikeplassar. Elevane er glade i fotballbanen og idrettshallen ved Åheim skule, ulike badeplassar og fine utsiktspunkt. Spesielt er mange glad i å bade ved småbåthamna, Vikevatnet og utsikten frå fjella rundt Åheim. Fleire har også markert at dei likar å møtes ved Coop og Joker i Åheim sentrum.

3.5 Naturressursar

Vanylven er den sjuande største jordbrukskommunen i fylket i antal gardsbruk. I 2017 var det 101 gardsbruk i drift i Vanylven (206 bruk i år 2000) med gjennomsnittleg dyrka areal på 226 dekar. (114 dekar i år 2000). Innanfor planområdet ligg det eit landbruksområde som er sett av til LNF-føremål i kommuneplanen sin arealdel.



Figur 27: Kartet viser at fleire areal innanfor planområdet er registrert som fulldyrka jord. Kjelde: Nibio.no



Figur 28: Sentrumsnært landbruksareal vest for fylkesveg 61.

Bilete av marka sør for St.Jetmund Kyrkje:



Figur 29: Marka sett mot sørvest frå kyrkja.




Figur 30: Marka sett mot søraust frå kyrkja.

3.6 Naturmangfold

Det er ingen registreringar av verdifull natur på land i planområdet, men Åheimselva er eit verdifullt habitat for mange artar. Det er to viktige naturtypar i knytt til Åheimselva og kantsona: Blautbotnområde i strandsona registrert i 2019 med verdi *viktig*, samt brakkvannspollar registrert i 2002 også med verdi *viktig*.

Elva har stor arts- og samfunnsdiversitet, både med tanke på bakre fukteng-typar og volltypar, men også på grunn av eit svært rikt fugleliv (både hekkande, rastande og overvintrande artar). Det er i tilknytning til elva blant anna registrert oter (2017) og den kritisk trua åkerrikse (2003). Åheimselva er laks- og sjørret-førande med svært god tilstand.

Åheimselva er registrert som rasteplass for fuglar og framstår som eit viktig område for fleire raudlista fugleartar (verdi B).



Figur 31: Utsnitt frå Naturbasen som viser registrerte naturtyper i tilknytning til Åheimselva.

3.7 Friluftsliv og turisme

Området langs elvebreidda er attraktivt for fritidsfiske. Fleire av elevane ved Åheim skule rapporterer at dei både badar og fiskar i Åheimselva. Det er tursti ut til Klungreholmen og tilrettelagt med gapahuk ytst på holmen (sjå bilete under).



Figur 32: Klungreholmen med gapahuk i elva midt i biletet.

Det er noko turisme på Åheim i tilknytning til St.Jetmund kyrkja samt Norsk Olivinsenter (på andre sida av elva). Vanylven kommune vurderer at det er eit stort potensial for turismesatsing på Åheim med den strategiske plassering i forhold til Stadlandet/Selje og ein framtidig Stad skipstunnel. Det er overnattingstilbod på Jetmund gjesteheim i den vestlegaste delen av bygningane på biletet under. Utanfor planområdet i vest ligg Åheim småbåthamn.




Figur 33: Åheimtun og Jetmund gjesteheim langs Åheimselva vest for Åheim sentrum.

3.8 Kulturminne og kulturmiljø

Det er to automatisk freda kulturminner på Åheim: St.Jetmund kyrkjestad (ID 85534) og ei nyleg registrert kokegrop (ID 277732). Kokegropa vart funne like sør for bilvegen ved St Jetmund kyrkje i samband med kulturminneregistrering i 2021 (sjå nærmare omtale i vedlagte rapport).

Det er i tillegg fleire nyare tids kulturminne og kulturmiljø på Åheim. Desse er dokumentert både i Regional delplan for kulturminner av regional og nasjonal verdi (Møre og Romsdal fylkeskommune) og i kommunens komunedelplan for kulturarv godkjent 08.02.21.

Kartet under viser ei oversikt over kjente kulturminne og kulturmiljø på Åheim.



Figur 34: Kulturminne og kulturmiljø på Åheim. Kart: Kulturminnesok.no.

Omtale av kulturminne:

Åheim naustrekkje

Naustrekkja i Åheim ligg utanfor planområdet. Nausta er SEFRAX-registrerte bygg (ID nr.1511-007-015 til -028). Naustrekkja er omtalt i Regional delplan for kulturminne i MRF (MR2015: ID 890).

St. Jetmund kyrkje

Eldste omtale av kyrkja er frå 1403. Kyrkja er ei steinkyrkje, som vart rive ned til omlag ein meter over bakkenivå i 1863. Både korportalen og korbua vart bevart på staden. I 1931 vart den då gjengrodde kyrkjetufta rydda, og frå 1937 vart bygninga gjenreist under leiing av Cato Enger. I 1957 sto kyrkja ferdig og vart vigsla av biskopen. Kyrkja er omgitt av ein kyrkjegard, som framleis er i bruk. Kyrkjegarden er avgrensa av kyrkjegardsmur i sør, av terrengknekk i nord aust og vest. På grunn av plassmangel vart kyrkjegarden utvida mot vest i 1923.



Figur 35: St. Jetmund kyrkje og kyrkjegard.

Åheim gamle handelsstad - regional viktig kulturminne

Åheim gamle handelsstad er skildra som ein eldre tettstad som ligg i eit område nordvest for St.Jetmund kyrkja utanfor planområdet. Ein finn rester etter ein eldre tettstad ved utløpet av Åheimselva.

Alt frå tidleg mellomalder har Åheim vore kyrkjestad og ein naturleg samlingsstad, frå midten av 1600-talet også handelsstad. Etter 1900-tallet var det fleire som starta med handel og det vart etterkvart fleire landhandlarar, bakeri, hotell og andre forretningar. I dag er sentrumet i Åheimsbygda flytta lenger vekk frå sjøen og nærare fylkesvegen der nye butikkar har etablert seg der. Åheim gamle handelsstad er av regional verdi og er registrert i regional delplan for kulturminne i MRF (MR2015:ID 890).

Framheim, ungdomshuset på Åheim - regionalt viktig kulturminne

I 1895 vart det frilynte ungdomslaget «Fram» i Åheim skipa og laget fekk eige hus i 1932. Ungdomslaget er framleis aktivt og Framheim vert stadig nytta til ulike tilstellingar og arrangement. Framheim er ikkje i dag registrert som eit freda bygg, men det har stor kulturell verdi. Framheim er registrert og skildra i regional delplan for kulturminne i MRF (MR2015:ID 890). Alleen ved Framheim, og det tilknytte bygningsmiljø har også ein kulturell verdi.



Figur 36: Framheim på Åheim. Kjelde: Kulturminnesok.no

«Skogly» husmorskule/direktørbustaden (gbnr 46/14) – regionalt viktig kulturminne

Husmorskulen leigde lokale her i perioden 1943-1948. Huset har ei lang og mangfaldig historie, og vart bygd i 1919. Våningshuset skil seg frå andre våningshus i området, ein villa i jugendstil med valma mansardtak og spiss gavlvinkel på arka. I 1924 vart eigedomen kjøpt av eit interessantselskap med Ivar Frihagen som formann og frå 1929-1943 vart huset nytta til aldersheim, som den første i Vanylven. Huset fortel såleis også ei historie om den tidlege eldreomsorga. I 1948 selde lutlaget eigedomen, og bustaden vart nytta som direktørbustad. «Skogly» er ikkje registrert som eit freda bygg, men det har stor kulturell verdi. Bygninga er registrert og skildra i regional delplan for kulturminne i MRF (MR2015:ID 890).



Figur 37: "Skogly" i Åheim. Kjelde: Kulturminnesok.no

Vanylven prestegard – foreslått som verna kulturminne (utanfor planområdet)


Vanylven prestegard ligg ved Torvik innanfor gbnr. 45/13 nordaust for planområdet. Prestegarden er registrert med Ask. Id. nr. 227422, og er foreslått verna i regional delplan for kulturminne i MRF (MR 2015:ID 887).



Figur 38: Vanylven prestegard. Kjelde: Kulturminnesok.no.

3.9 Grunnforhold

NGU sitt lausmassekart viser at området hovedsakelig består av marin strandavsetning (mørk blå) og noko elveavsetning (gul). Store deler av området ligg under marin grense, noko som indikerer moglegheit for at lausmassene kan bestå av marin leire, eventuelt sensitiv eller kvikk leire med sprøbruddeigenskapar.




Figur 39: Løsmassekart (Kjelde: NGU løsmassekart)

Det er i samband med planarbeidet utarbeidd geotekniske grunnundersøkingar med tilhøyrande laboratoriearbeid. Dette er dokumentert i vedlegg 5 *Geotekniske grunnundersøkelser Åheim*, datert 25.06.2021. Det er i tillegg utarbeidd eit notat, vedlegg 6: *Vurdering av områdestabilitet for Åheim sentrum og Tue-krysset i Vanylven kommune*, datert 04.10.2021.

Utførte grunnundersøkingar har ikkje påvist kvikkleire eller sprøbruddmateriale i dei undersøkte punkta, og boreprofilane gir heller ingen indikasjon på at slike masser kan finnast.

3.10 Flaum

Delar av sentrum i sør ligg innanfor aktsemdssone for flaum frå Åheimselva. Planområdet er også utsett for 200 års stormflo ifølgje NVE aktsemdskart for flaum.



Figur 40: Blå skravur viser aktsemdssone for flaum. Blå farge viser 200 års stormflo utan effekt frå bølger.

3.11 Skred


Ein liten del av planområdet ligg innanfor NVE sitt aktsemdskart for jord- og flaumskred og på grensa av aktsemdskartet for snøskred. Det er utarbeidd ei skredfarevurdering for Åheim sentrum (vedlegg 7).



Figur 41: NVE sitt aktsemdskart viser at ein liten del av planområdet ligg innanfor aktsemdssone for jord- og flaumskred og på grensa av aktsemdssone for snøskred.

3.12 Støy

Planområdet er noko støyutsett frå trafikk langs fylkesvegane som går gjennom planområdet.




Figur 42: Støy frå veg. (Kjelde: Statens vegvesen støykart)

Det er gjort støyberekning for planområdet, sjå nærare omtale i kap. 6.13 samt vedlegg 8.

3.13 Teknisk infrastruktur


Ei 66 kV leidning kryssar den nordlegaste delen av planområdet.



Figur 43: Høgspenlinje i planområdet. Kilde: NVE si karttjeneste (<https://temakart.nve.no/tema/nettanlegg>).

4 Vurderte, men forkasta alternativ

Plankartet slik det låg føre ved 1.gongs ettersyn syner i all hovudsak vurderte alternativ. Det var blant annet vurdert å fylle ut i sjøen vest for Åheim for å etablere eit næringsområde. Vanylven kommune har valgt å ta dette området ut av planen på grunn av usikkerheit knytt til grunnforhold og marine naturtypar. Vidare var det vurdert å regulere inn eit stort bustadområde aust for fylkesvegen, noko kommunen er gått vekk frå pga. motsegn pga. beslag av dyrka mark.



Figur 44: Plankartet som var ute på offentlig ettersyn i 2020 utgjør i all hovudsak prosjektets vurderte alternativer.

Oversikt over endringar som er gjort etter 1., 2. og 3. gongs ettersyn framkjem i kap. 1.2., 1.3., 1.4. og 1.5. I kap 5.3. er det ein områdevis gjennomgang av planforslaget slik det ligg føre etter endringar gjort etter 2.gongs høyring.

5 Planforslag

5.1 Hovudgrep


Det er planlagt ei rundkøyring på fylkesvegen som oppfyller krava i SVV si handbok N100 og som vil forbetre trafikkbiletet og auke trafikktryggleiken betrakteleg. Kryssingspunkta for mjuke trafikantar er planlagt slik at ein kan krysse vegen på ein trygg måte der bilane har lavast fart og god oversikt. Det er planlagt kantstopp for buss nær fylkesveg/bensinstasjon der bussen stopper i dag.

Det har i planarbeidet vore fokus på å bevare eksisterande næringsverksemd på Åheim. Samtidig tilrettelegg planen for at sentrum skal bli meir attraktiv for rekreasjon og opphald både for innbyggjarane på Åheim, men også for turistar. Det er ønskeleg å gjere Åheim til ein destinasjon der turistar både stoppar og blir. Det er lagt til rette for turisme nær av St.Jetmund kyrkje, men utan å kome i konflikt med siktlinjene frå kyrkja og dyrka mark sør for kyrkja.

Illustrasjonen under viser gangaksar og stadar for opphald og turisme, samt mogleg vidare utbygging av sentrumsfunksjonar langs St.Jetmund-vegen. Det er planlagt fortau på sørsida av St.Jetmund-vegen og målet er legge til rette for utvikling av ei handlegate som både vert opplevd trygg og attraktiv. Vest i planområdet er planforslaget endra etter 2.gongs høyring og turstien svingar vekk frå elva og opp til kyrkja.

All rekreasjon og opphald er ellers sentrert rundt elva som gjennom planen har ei tilrettelegging som er reindyrka for mjuke trafikantar og rekreasjonsføremål. Næringsområdet i den sentrale delen av Åheim skal framleis vere næring og ha areal for framtidig utvikling. Mjuke trafikantar vert leia utanom næringsområdet.

Søraust i planen er det planlagt ein rasteplass som er meint som startpunktet for vidare ferdsel langs elva.



Figur 45: Illustrasjonsskisse Åheim. NB: etter 3.gongs høyring er gangveg langs elva avslutta ved St.Jetmund gjestegard

Heile strekningen langs elva har eit stort potensial for utvikling til ein attraktiv stad å ferdast og opphalde seg for både innbyggjarar og turistar.



Figur 46: Illustrasjon av elvepromenade med grøntareal, leikeplassar og turistføremål.

Bedrifta Sparelys har planar om å renovere og bygge på i høgda (sjå bygg i illustrasjonen), og er positive til utvikling av ei elvepromenade mellom bygget og elva. Fokus på belysning er opplagt på dette området.



Figur 47: Illustrasjon av korleis elvepromenaden kan utviklast.

Det er lagt til rette for utvikling av eit parkområde med leikeplass mellom sentrum og Åheimtun/Jetmund gjesteheim. Dette området vil binde sentrum saman med turistsatsinga som er tenkt i tilknytning til kyrkja. Under er det vist illustrasjonar av korleis dette område *kan* utviklast.




Figur 48: Illustrasjon av korleis park/leikeplass-området vest for sentrum kan utviklast.




Figur 49: Eit anna alternativ til korleis park/leikeplass-området vest for sentrum kan utviklast.

I området ved St.Jetmund kyrkja er det planlagt ei satsing på fritid og turisme. Møre og Romsdal fylkeskommune har vore opptatt av at ei utvikling i dette området ikkje skal ha negative konsekvensar for kyrkja sitt nærområde, og at siktlinjer til/frå kyrkja skal ivaretakast. Norconsult har utarbeidd illustrasjonar som viser korleis området kan utviklast innanfor avsett areal og i samsvar med føresegnene. Helt vest i planområdet er turvegen endra etter 2.gongs høyring og går nå ikkje langs elva men opp til kyrkja.



Figur 50: Konseptskisse for turismesatsing ved St. Jetmunds kyrkja. NB: etter 3.gongs høyring er gangveg langs elva avslutta ved St.Jetmund gjestegard.

Mellom eksisterande Jetmund gjesteheim og kyrkja er det avsett eit areal for fritid og turisme der kommunen ønsker at det skal vere mogleg å bygge et bygg for museumsverksemd, servering, overnatting eller tilsvarande føremål for å bygge opp eit attraktivt område for turistar i tilknytning til kyrka, elva og sentrum. Det er også tankar om at Norsk Olivinsenter og/eller Valborgsamlinga, som i dag ligg på andre sida av elva, med fordel kan samlokalisierast med kyrkja. Det er under illustrert eit døme på korleis eit slikt bygg kan sjå ut for å ivareta området sitt særpreg og sikt mot både kyrkja og fjorden. Bygget foreslått i planen Turistknutepunkt Vanylven vil også kunne passe inn her.



Figur 51: Eit eksempelbygg på området søraust for kyrkja.

Eksempelbygget opner seg mot fjorden, elva og kyrkja ved å ha ei fasade i glas, med ein tett vegg mot parkering og veg. Dette skaper ein overgang, der fokuset rettar seg mot naturen og kyrkja når ein kjem inn i bygget.

Bygget henvender seg mot elvepromenaden og området rundt bygget, og ved å ha fleire opningar i fasaden kan ein aktivere desse områda. Det er tenkt eit bygg som er sensitiv mot konteksten med tanke på høgder, og følger terrenget ned.

Fotomontasjen under viser eksempelbygget sett frå kyrkja. Føresegnene til planen stiller krav til både høgde og estetikk for eit eventuelt bygg slik at det ikkje blir skjemmaende for kyrkja og nærområdet rundt.



Figur 52: Utsikt mot aust frå kyrkja, med et eksempelbygg plassert på det området som i reguleringsplanen er avsatt til føremål for fritid og turisme.

Vest for kyrkja har grunneigar ønske om å utvikle et område for camping og bubilar. Området er knytt mot framtidig turismesatsing på Rasmus-piren i vest (utanfor planområdet). Møre og Romsdal fylkeskommune har også her vore opptatt av å bevare sikt frå kyrkja. Området for camping er derfor avgrensa til den vestlege delen av marka nedom kyrkja. Dette området er i kommuneplanens arealdel avsett til parkering. Ein mindre del av området er framleis avsett til offentleg parkering som kan nyttast av både besøkande til kyrkje og til campingplassen.

Det er etter ynskje frå grunneigaren planlagt utfylling av den kunstige vika sør for planlagt camping. Arealet er avsett til park. Grunneigaren har opplyst at «Massen i bukta vart teken bort rundt 1980 med tanke på ei badestrand. I ettertid har det vist seg at dette ikkje har fungert slik det var tenkt, då slam og søppel legg seg der til ei kvar tid og skapar forureining». Dette er det einaste området der planen opnar for utfylling i sjø. Det har vært tett dialog med Statsforvaltaren rundt den foreslåtte utfyllingen.



Figur 53: Fotomontasje som viser området med parkering og camping vest for kyrkja. Siktlinja frå kyrkja er ivaretatt i planforslaget. Det er planlagt en turveg frå austsiden av campingplassen til elva.

5.2 Arealføremål

Planområdet er regulert til føremåla listet opp under. For meir informasjon om dei einiskilde føremål vert det vist til plankart og føresegnar. Neste kapittel går gjennom planen område for område.

Bygningar og anlegg (PBL § 12-5, nr. 1):

- Bustader-frittliggjande-småhus (BFS)
- Bustader-konsentrert-småhus (BKS)
- Offentleg eller privat tenesteyting (BOP)
- Kulturinstitusjon (BKI)
- Fritids- og turistføremål (BFT)
- Campingplass (BC)
- Næringsbygningar (BN)
- Renovasjonsanlegg (BRE)
- Leikeplass (BLK)
- Grav- og urnelund (BGU)
- Bustad/forretning/kontor (BKB)
- Bustad/tenesteyting (BKB)
- Kontor/lager (BKB)
- Næring/tjenesteyting (BKB)
- Angitt byggje- og anleggsføremål kombinert med andre angitte hovudføremål (BAA)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr. 2):

- Veg (SV)
- Køyreveg (SKV)
- Fortau (SF)
- Torg (ST)
- Gang- og sykkelveg (SGS)
- Annan veggrunn - tekniske anlegg (SVT)
- Annan veggrunn - grøntanlegg (SVG)
- Haldeplass/plattform (SH) og kollektivhaldeplass (SKH)
- Parkeringsplassar (SPA)
- Rasteplass (SR)

Grøntstruktur (PBL § 12-5, nr. 3):

- Naturområde (GN)
- Turveg (GT)
- Park (GP)
- Vegetasjonsskjerm (GV)

Landbruks-, natur- og friluftsføremål (§12-5. nr. 5):

- LNF (L)
- Landbruk (LL)

Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (PBL § 12-5, nr. 6)


- Naturområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (VNS)

5.3 Områdevis gjennomgang av planforslag med fokus på endringer frå tidlegare planforslag

5.3.1 Rundkøyring og bensinstasjon



Figur 54: Reguleringsplanforslag ved 1.gongs høyring.



Figur 55: Justert planforslag etter 2.gongs høyring.


Rundkøyringen er prosjektert i samsvar med Statens vegvesen si handbok N100 *Veg- og gateutforming*. Det er lagt inn kryssingspunkt for mjuke trafikanter på den sørlege, austlege og nordlege arma. Kryssinga over den vestlege arma følger dagens etablerte gangveg som vil vere den «rette linja» for dei som skal vidare mot Åheim sentrum.

Trafikken vert ført rundt bensinstasjon for å unngå for mykje manøvrering og rygging av lastebilar og bussar på området til bensinstasjonen. Det er etablert kantstopp for buss der dagens stopp er. Forklaringa på dette er nærare skildra i trafikkanalysen, vedlegg 1. Reguleringsføremålet for bensinstasjon/matbutikk er endra slik at dagens verksemd kan videreførast.


Langs elva er planen avslutta i eksisterande elvekant, slik at planen ikkje medfører utfylling i elva. Over Åheimselva er det planlagt ei separat gangbru (for å auke sjansen for snarleg gjennomføring). Planen er i sør tilpassa planforslag for gang- og sykkelvegen vidare sørover skal ferdigstillast for offentlig ettersyn.

Føremålet for «park» er fjernet rundt rundkøyringen og erstattet av «anna vegareal grøntareal». Parken sør for rundkøyringen er endret til bustadføremål slik at dagens private bustad kan få stå. Det er lagt inn avkøyrseil til denne bustaden (som også er for bustadar sør for denne planen). Aust for rundkøyringa er det lagt inn areal for «annen veggrunn – teknisk areal» som er nødvendig når ein skal ha transport av ekstra store køyretøy som Sibelco har 1-2 gongar i året.

5.3.2 Åheim sentrum



Figur 56: Planforslag ved 1.gongshøyring.



Figur 57: Justert planforslag etter 2.gongshøyring.

Kommunen ønsker at eksisterende bedrifter i Åheim sentrum skal bli på Åheim og utvikle seg videre. Bedrifta Sparelys, som ligger innanfor BKB1, har fått dispensasjon til å sette opp ein lagerhall som går over køyrevegen vist i planforslaget frå 1.gongs høyring. Dei har konkrete planar om å bygge på ei etasje på eksisterande bygg. Vegsystemet som var foreslått ved 1.gongs høyring er altså ikkje mogleg å bygge. Det er heller ikkje ønskeleg å kombinere lastebilar og køyring med truck på areal for mjuke trafikantar (fortau, parker og torg). I nytt planforslag er området regulert til kontor/lager. Det er avsett areal for utviding samt sikra i føresegnene at Sparelys kan bygge på sine bygg slik som ønskeleg. Det er regulert inn ein felles parkeringsplass sentralt i området (SPA1). Vegsystem og øvrig parkering må løysast innanfor avsett føremål.


Sentrumsføremålet er ikkje brukt i oppdatert reguleringsplan. Det er valgt å bruke ulike kombinerte føremål for å synleggjere meir detaljert kva utvikling som er tenkt i dei ulike områda. Langs St.Jetmund-vegen er sentrum regulert til bustad/forretning/kontor i tråd med dagens brukt. Fortau er samanhengande i ei rett linje sør for vegen med «annet vegareal – grønt areal» mellom fortau og kjøreveg slik at ein allé kan vidareutviklast (sjå bilete av eksisterande allé i Figur 21). Det er regulert inn eit bredt fortausareal slik at det kan opparbeidast ein attraktiv gate med ulike soner.

Det er lagt til rette for etablering av park, tursti og leikeplassar langs elva. Det er regulert inn to «utstikkarar» (regulert til torg) i elva i tilknytning til gangsambanda nord-sør gjennom sentrum. Det skal ikkje vere noko utfylling i sjø i samband med bygging av desse, men peling kan tillatast. Planen si grense følger dagens elvebredd (regulert til naturføremål). Det er lov med vedlikehald av plastringen og naturlig elvebredd kan også reetablerast om ønskeleg – dette må i tilfelle planleggast i lag med Statsforvalteran.


Området som tidlegare var avsett til sentrumsføremål nord for St.Jetmund-vegen er endra til «bustadar – konsentrert» då det er ønskeleg å konsentrere typiske sentrumsføremål til området sør for vegen. Langs St.Jetmund-vegen er fortauet nord for vegen fjerna. Det er ikkje trafikkgrunnlag som tilseier behov for dette og det er ikkje plass til å få det til utan å gå tungt inn i private hagar og heilt i husveggen til ungdomshuset. Ungdomshuset (Framheim) er avsett med føremål for tjenesteyting og med vern på sjølve bygget.

Området der det gamle bankbygget ligg er avsett til bustad/tjenesteyting. Vika innom Klungreholmen er avsett til park for å sikre eit grøntdrag mellom utbygde område.

5.3.3 Bustadområde nord for St.Jetmund-vegen



Figur 58: Planforslag ved 1.gongshøyring.




Figur 59: Nytt planforslag revidert etter 3.gongs høyring.

I bustadområdet nord for St.Jetmund-vegen er vegsystemet endra noko etter ønske frå grunneigar og for å ta meir omsyn til den gamle direktørbustaden. Det er vidare lagt inn areal for leikeplass og renovasjon. Det er også lagt til nødvendig område for anna veggrunn slik at det til dømes er mogleg å legge snø langs vegen. Landbruksjord er regulert til landbruksjord.

5.3.4 Næringsområde nord for Åheim



Figur 60: Planforslag ved 1.gongshøyring.




Figur 61: Nytt planforslag klar for 2.gongshøyring.

Nord i planområdet var det ved 1. gongs offentlig ettersyn regulert inn bustadområde aust for fylkesvegen. Det er tatt ut i nytt planforslag. Vest for fylkesvegen er det lagt inn næringsområde der det tidlegare var landbruk og vegetasjonsskjerm. Vanylven kommune ønsker å ha næringsområde tilgjengeleg for eventuelle nyetableringar, gjerne underleverandørar til den store eksisterande verksemda til Sibelco.

5.3.5 Åheimtun/Jetmund gjesteheim



Figur 62: Planforslag ved 1.gongshøyring.




Figur 63: Justert planforslag etter 3.gongs høyring.

Ved Åheimtun/Jetmund gjesteheim er det lagt til et føremål for turisme i tillegg til områdene for bustad/tenesteyting. Det er også lagt inn areal for parkering samt renovasjon i dette området.

5.3.6 Området rundt St. Jetmund kyrkja



Figur 64: Planforslag ved 1.gongs høyring.



Figur 65: Justert planforslag etter 3.gongs høyring.

Den vestlege delen av planen er annleis utforma i dette planforslaget samanlikna med det som var lagt fram ved 1. gongs høyring. Kyrkja har fått eit eige reguleringsføremål og det er lagt inn omsynssoner både knytt til kyrkja og kulturminne. Bak kyrkja er vegetasjonsskjerm mot Sibelco utvida. Marka er regulert for landbruk slik den er i dag, og er ikkje tenkt å vere offentleg. Parkeringsplassen vest for marka er lagt langs vegen. Mellom parkeringsplassen og elva er det regulert formål for camping og park. Den kunstige vika er foreslått fylt ut etter ønske frå grunneigaren. Det er ikkje regulert inn turvegen langs elva slik som foreslått ved 1., 2. og 3. gongs høyring.

Det vestlegaste område i denne planen (BAA2) er regulert inn med føremål som legg til rette for en vidareføring av dagens arealbruk (bustad, bilverkstad m.m.). Det skal ikkje leggst til rette for mjuke trafikantar gjennom området med bilverkstad. Mjuke trafikantar vert leia rundt om dette området på fortau langs St.Jetmund-vegen. Det er færre en fem bustader her i dag og ikkje planer om bustadbygging. Det er planer om meir næring. Det er ikkje lagt til rette for leikeplass. Blir det fleire enn 5 bueinheiter må leikeplass planleggast innanfor området.

6 Verknader og konsekvensar av planforslaget

6.1 Arealbruk

Planen legg til rette for at eksisterande næringsverksemd i sentrum både kan fortsette samt utvikle/utvide seg. Det er lagt til rette for eit større næringsområde nord i planen langs fylkesvegen. Vidare legg planen til rette for ei betydeleg auke i talet på bustader, samt ei større satsing på turisme på Åheim.

6.2 Landskapsbilete og staden sin karakter

Planen legg til rette for at Åheim sentrum kan vere meir enn næringsverksemd og parkeringsareal. I staden kan ein utvikle Åheim til ein stad for rekreasjon, turisme og opphald. Det lagt inn mykje grøntareal, turstiar, parker og leikeplassar.

Området langs elva har stort potensial for naturlege stopp og aktivitetar både for turistar og fastbuande. Elva vert knytt til sentrum og tilgangen til elva vert forbetra. Det er lagt til rette for etablering av to utsiktspunkt i elva som er tenkt brukt for opphald, fiske og oppleving av naturen langs elva. Disse er føresett etablert utan inngrep i elva. Utsiktspunkta er ei forlenging av gangaksar for mjuke trafikantar og vil vere med på å styrke Åheim som ein stad ved elva.

Området rundt St.Jetmund-kyrkja vert vidareutvikla for turisme og fritid. Samlokaliseringar kan skape synergjar knytt til den viktige kyrkja. Siktlinjer frå kyrkja mot både aust og vest er ivaretatt og utbyggingsføremla som er foreslått er sett i samanheng med eksisterande utbygging.

6.3 Trafikkforhold og trafikktryggleik

Planen tilrettelegg for ei forbetring av trafikkforhold og trafikktryggleik på fylkesvegen med ei godt plassert og riktig dimensjonert rundkøyring. Det er vidare regulert inn eit fortau over Åheimselva som enten kan realiserast som ei separat gangbru eller byggast ut i samband med utskifting av heile brua en gong i framtida. Det er regulert fortau langs St.Jetmund-vegen og fleire koblingar for mjuke trafikantar ned mot elva der det no er lagt til rette for bilfri sone. Nær St.Jetmund kyrkje er det både mot aust og vest regulert inn offentlege parkeringsplassar. Dette skal avhjelpe parkeringssituasjonen ved kyrkja i dag, som medfører langsgåande parkering langs St.Jetmund-vegen, då det er uheldig både for dyrka mark og mjuke trafikantar.

Trafikken som kjem inn i sentrum frå fylkesveg 61 vert leia rundt bensinstasjonen for å unngå rygging og manøvrering inne på området til bensinstasjon/matvarebutikk. Busshaldeplassen var ved første gongs ettersyn var plassert inne i næringsområdet vest i sentrum, langt frå fylkesvegen og der folk flest bor. No er denne planlagt i området der det er busslomme i dag. Dagens busslomme oppfyller ikkje gjeldande krav. Det er ikkje mogleg å etablere ei busslomme som oppfyller krava utan å flytte vegen nærare bensinstasjonen eller fylle ut i elva. Dette er forkasta på grunn av ulempene dei medfører. Trafikkmengda er så lita at kantstopp kan forsvareast. Dette er drøfta med Møre og Romsdal fylkeskommune. Stoppestad for buss er sentralt plassert på Åheim; tett på fylkesvegen, tett på skule, idrettshall, butikkar og størstedelen av bustadane.

I det oppdaterte planforslaget er det lagt til rette for auka trafikktryggleik for alle trafikantgrupper. Det er regulert ein turveg langs elva som er helt skjerma for biltrafikk, det er regulert fortau langs St.Jetmund-vegen og mjuke trafikantar vert leia utanom næringsområde sentralt på Åheim. Løysingar for trafikk er ytterlegare skildra og grunngitt i trafikkanalysen som blant anna baserer seg på utførte trafikkteilingar samt trafikkberekningar i programmet SIDRA (Vedlegg 01).


Vanylven kommune jobbar parallelt med ferdigstilling av tilstøtande reguleringsplan for gang- og sykkelveg vidare sørover frå Åheimbrua. De to planane vert sett i samanheng.

6.4 Born og unge

Planen legg til rette for at ein kan forbetre forholda for barn og unge på Åheim. Alle tiltak som er skildra å betre trafikktryggleiken i kap. 6.3, er også ei forbetring for barn og unge som ofte må ferdast som mjuke trafikantar. Det er regulert inn bilfrisone langs elva samt fleire leikeplassar. Grøntområda og leikeplassar langs elva vart etterlyst av ungdomsskuleelevane i samband med medverkndsprosessen og Barnetrakkregistreringa ved skulen.

6.5 Naturressursar

Ved realisering av reguleringsplanen vil fleire område med dyrka mark gå tapt, sjå Figur 66. Alle områda, med unntak av det nordlegaste, er avsett til utbyggingsføremål i kommuneplanen sin arealdel og er såleis avklart på eit høgare plannivå. Ein stor del av marka nedom St.Jetmund-kyrkja er også avsett til utbyggingsføremål i kommuneplanen, men er vist som landbruksføremål i planforslaget. Reguleringsplanen ivaretek dermed i større grad dyrka mark enn det kommuneplanen legg opp til.



Figur 66: Rade markeringar viser område med dyrka mark som vert regulert til utbyggingsføremål i reguleringsplanen. Alle områda, med unntak av det nordlegaste, er i samsvar med gjeldande kommuneplan.

6.6 Naturmangfald

Reguleringsplanforslaget medfører ikkje inngrep i verdifull natur. Elvebreidda er avsett til «Grøntstruktur – Naturområde» og det er knytt føresegnar til området som skal sikre elvebreidda og den viktige funksjonen området har for biologisk mangfald. Planen opnar kun for inngrep i vassdraget i samband med bygging av Åheimsbrua, to utsiktspunkt, utfylling av en kunstig vik i vest samt for vedlikehald av plastringa i sentrum. Føresegn til VFV-område set krav til naturleg vegetasjonsbelte i samsvar med vassressurslova § 11. Det same gjer føresegnar til aktuelle GN-område. Tiltaka i planen er vurdert å ikkje gjere inngrep i de allmenne interessene knytt til elva.

6.6.1 Naturmangfaldslova §§ 8-12

Naturmangfald er omtalt i kap. 3.6. Det er ikkje registrert naturmangfald i planområdet og vurderingane her er knytt til om tiltaket påfører Åheimelva negative verknadar.

Lova stiller krav om at grunngeving og omfang av vurderingane etter §§ 8-12 i vedtaket må tilpassast omfanget av dokumentasjon og forholda i den einskilde sak. Det betyr at dess meir trua og verdifullt naturmangfald som vert råka, eller dess meir tiltaket vil påverke forvaltningsmåla for naturtypar, økosystem og artar, dess grundigare må saka dokumenterast og vurderast etter lova. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimeleg høve til saka sin karakter og risiko for skade på naturmangfaldet.

Naturmangfaldlova § 8 pålegg forvaltninga å innhente og leggje til grunn kunnskap om natur når ein tek avgjerder som råka naturmangfaldet. Offentlege avgjerder skal så langt det er rimeleg bygge på vitskapeleg kunnskap om artar sin bestandssituasjon, naturtypar si utbreiing og økologisk tilstand, samt effekt av påverknader. Kravet til kunnskapsgrunnlag vil som hovudregel vere oppfylt dersom vi tek i bruk kunnskap som allereie finst og som er tilgjengeleg. Kunnskapsgrunnlaget vert vurdert å vere godt i dette tilfellet.

Det er i samband med utarbeiding av reguleringsplanen lagt til grunn at avbøtande tiltak vil bli iverksett slik at negativ påverknad av elva i samband med utbygging vert unngått.

Ved vurdering av § 9 (føre-var-prinsippet) kan ein stille følgande spørsmål: Veit ein nok om landskap, økosystem, naturtypar og artar, og kva verknader det aktuelle tiltaket kan ha for desse? Er det sannsynleg at tiltaket vil medføre vesentleg (alvorleg eller irreversibel) skade på landskap, økosystem, naturtype og artar? Det er vurdert at ein har tilstrekkeleg kunnskap til å ta avgjerd om at tiltaket ikkje vil ha alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet.

§ 10 omhandlar økosystemtilnærming og samla belastning. Ein påverknad av eit økosystem skal vurderast ut frå den samla belastning som økosystemet er eller vil bli utsett for. Det pågår reguleringsplanarbeid for området sør for Åheimsbrua (i reguleringsplanen for turistknutepunktet ved Thue-krysset) samt for gang- og sykkelvegane langs fylkesvegane i området. Det er i desse planane føresett at det viktige naturmiljøet i Åheimselva ikkje skal påverkast negativt av utbyggingane. Den samla belastninga for økosystemet som Åheimselva utgjer er vurdert som akseptabel.

Prinsippet i § 11 om at kostnadane ved miljøforringing skal dekkast av tiltakshavar, tilseier at tiltakshavar kan påleggast å dekke kostnadane med å skaffe meir kunnskap enn det som allereie finst frå før. Dette inkluderer skadereduserande tiltak for å unngå til dømes spreiding av forureining til elva og tiltak for å redusere risiko for spreiding av framande artar.


§ 12 handlar om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder. For å unngå eller avgrense skade på naturmangfaldet skal ein ta utgangspunkt i slike driftsmetoder og slik teknikk og lokalisering som, ut frå ei samla vurdering av tidlegare, noverande og framtidig bruk av mangfaldet og økonomiske forhold, gir dei beste samfunnsmessige resultat.

6.6.2 Vassressurslova – kapittel lagt til etter 2.gongs offentlig ettersyn

Vassressurslova har til formål å sikre en samfunnsmessig forsvarleg bruk og forvaltning av vassdrag og grunnvatn. § 5 andre ledd slår fast at vassdragstiltak skal planleggast og gjennomførast slik at dei er til minst mogleg skade og ulempe for allmenne og private interesser.

NVE påpeika ved 2.gongs offentlig ettersyn at den planlagde gangbrua i liten grad er omtalt i planomtalen. Årsaka til dette er at det er svært usikkert når og korleis brua skal byggast. Fylkeskommunen har vore tydeleg på at Åheimsbrua ikkje er prioritert pr. 2020, og at det for tida er investeringsstopp. Kommunen har derfor valt å regulere inn areal for fortau langs brua, og ser for seg at ein eventuelt kan få til ei løysing med ei separat gangbru. Korleis denne skal sjå ut og byggast er ikkje bestemt, men det blir vurdert som ein føresetnad at det ikkje blir gjort tiltak som er til ulempe for allmenne interesser i vassdraget ved etablering av ny bru. Dei allmenne interessene er knytt både til livet i og langs elva, samt til friluftsliv i knytt til elva. Begge forhold er allereie godt skildra i planomtalen. Bevaring av kantvegetasjon (§11 i vannressursloven) er allereie sikra.

Tiltaket, som etter ei justering etter 2.gongs ettersyn no også omfattar utfylling av den kunstige vika vest i planen, er også vurdert opp mot vannforskriften §12. Åheimselva er en del vassførekomsten Vanylvsfjorden.



Den økologiske tilstanden i vassførekomsten er i Vann-nett vurdert til moderat. Den kjemiske tilstanden i vassførekomsten er dårlig. Påverknad av vassførekomsten er primært diffus avrenning og utslepp frå fiskeoppdrett. Målet er god økologisk og god kjemisk tilstand innan 2027. Det står vidare at det er forventa at miljømålet blir nådd.

Etablering av gangbru og reetablering av vika vest i planområdet er vurdert å ikkje endre den økologiske tilstanden i vassførekomsten og § 12 i vannforskriften er slik ikkje aktuell her.

6.7 Friluftsliv og turisme

Planen ivaretek og vidareutviklar forholda for både friluftsliv og turisme på Åheim. Det er regulert inn ein rasteplass nær butikkar/bensinstasjon som vil vere eit godt utgangspunkt for turistar som vil oppleve staden ved elva. Det er også mogleg med ei større satsing mot turisme nær kyrkja og Åheimtun/Jetmund gjestegard.

Det er planlagt at ein kan etablere ei elvepromenade frå sentrum til Åheimtun/Jetmund gjesteheim. Derifrå er det tursti vidare ut på både Klungreholmen (i Åheimselva) og Rasmuspiren heilt vest på Åheim. Det er lagt til rette for både parkområde og leikeplassar i sentrum. Dette vil auke bruken av området både mht. friluftsliv og turisme. Auke i aktivitet vil og virke positiv inn på folkehelse.

6.8 Kulturminne og kulturmiljø

Møre og Romsdal fylkeskommune har på oppdrag Vanylven kommune gjennomført kulturminneundersøkelser i 2021 (vedlegg 12). Automatisk freda kulturminne er ivaretatt med omsynssone for bandlegging. Nord for St.Jetmund-kyrkja er den grønne knausen bevart og det er lagt inn eit føremål for vegetasjonsskjerm, som skal skjerme kyrkja mot aktiviteten ved Sibelco. Siktlinjer frå kyrkja (både mot aust og vest) er visualisert og ivaretatt i planforslaget.

Direktørbustaden/Skogly og Framheim (regionalt viktige kulturminne) er skildra i både i Regional plan for kulturminne og i kommunedelplanen for kulturarv. Ved 2.gongs høyring var begge bygg ivaretatt med omsynssone i planen, men for direktørbustaden har Vanylven kommune ønsket å fjerne denne etter ønske frå grunneieren. Ved direktørbustaden er lokalvegssystemet lagt på baksida av bygget og to bustadtomter forslått i planen ved 1.gongs ettersyn er tatt ut. Dette for å ivareta miljøet rundt direktørbustaden. Framheim har fremleis omsynssone. Gatemiljøet ved Framheim med ein allé er vidareført og vidareutvikla i planforslaget.

Åheim gamle handelstad samt naustrekke ved småbåthavna ligg i planen sitt influensområde og vert påverka av korleis område BAA2 vert regulert. Byggehøgde som er tillate tilsvarer den høgaste bygninga som er på området i dag. Campingføremålet kan til ei viss grad virke skjemma for til handelstaden, men samtidig er denne lagt inntil eksisterande bygningar og det er ikkje tillate med bygg på området. Bubilar og telt vil vere sesongavgrensa, og ulempa er vurdert som akseptabel.

Prestegarden ligg i planen sitt influensområde. Ei opparbeiding av eit større næringsområde nord i reguleringsplanen vil til ei viss grad kunne skjemma omgivnadane til prestegarden, alt etter kva type næring og bygg som vert etablert på området.

Med vern av fleire automatisk freda kulturminne og nyare tids kulturminne er planen med på å sikre kulturminne og kulturmiljø på Åheim.

6.9 Grunnforhold

Norconsult AS har på oppdrag Vanylven kommune gjennomført grunnundersøkingar og gjort geotekniske vurderingar (sjå vedlegg 5 og 6). Utførte grunnundersøkingar har dokumentert at tryggleiken for områdeskred vurderast å vere tilfredsstillande i samsvar med NVE sin rettleiar Nr. 1/2019 *Sikkerhet mot kvikkleireskred*, og det må derfor ikkje gjerast ytterlegare vurderingar ifølgje NVE sine retningslinjer.

Grunnforhold er også omtala i ROS-analysen (dokument 4).

6.10 Flaum

Norconsult AS har på oppdrag Vanylven kommune gjennomført flaumfarevurdering (sjå vedlegg 3 og 4). Nye bygningar i planområdet skal i samsvar med TEK 17 sikrast både mot flaum frå Kattagrova, Åheimselva samt stormflo og bølger. Det er tilrådd av NVE at ein tek omsyn til framtidige klimaendringar. Det er utarbeidd eit notat *Flomvurdering Åheim* der flaum frå Åheimselva, samt bekken Kattagrova aust for fv. 61 er vurdert (vedlegg 3). Det er i tillegg utarbeidd eit notat med Stormflo- og bølgeanalyse (vedlegg 4). Rapportane er utarbeidd for å fastsette faresone for flaum, vist i plankartet. Verdiar for flaum og stormflo er gitt i meter over NN2000.

Berekninga for Åheimselva viser ved 200-årsflaum ein vannstand i planområdet på kote 1,7 nedstrøms for brua på Åheim, og inntil kote 2,0 oppstrøms for brua på Åheim. Ved 200-årsflaum med klimapåslag er det berekna ein vasstand i planområdet på ca. kote 2,3 nedstrøms, og inntil kote 2,56 oppstrøms brua på Åheim.

Berekninga for Kattagrova viser at ved 200-årsflaum vil vatn renne ut av bekkeløpet. Fleire bygningar, inklusiv Åheim skule, vil kunne bli råka av vatn. Berekninga gir derimot både lav vassdjupne og fart ved råka bygningar, slik at det neppe vil vere fare for liv og helse. Dei materielle skadene kan bli betydelege. Berekninga for 200-årsflaum med klimapåslag ved Kattagrova gir omtrent same flaumsituasjon som ved 200-årsflaum. Nivået ved 200-års stormflo er på kote 2,02 meter, mens framtidig nivå for 200-års stormflo med klimapåslag på kote 2,77 meter. 1000-års stormflo med klimapåslag er på kote 3,0 meter.

Bølger inn mot Åheim består av lokale vindbølger dannet i Vanylvsfjorden, og er estimert i et punkt like vest for eksisterende sjøfylling og næringsareal vest i Åheim. I dette punktet er 200 års signifikant bølgehøyde fra nordvest beregnet til 2,3 m og 1,4 m fra sørvest. I en 1 000 års situasjon er signifikant bølgehøyde utregnet til 2,5 m fra nordvest og 1,5 m fra sørvest. Innover i Åheimselva avtar bølgehøyden. For nye konstruksjoner settes laveste gulvhøyde til 0,5 m over dimensjonerende stormflonivå forutsatt at bygget er tilstrekkelig sikret mot effekten av bølger. For tiltak i F2 gir det laveste gulvhøyde lik +3,3 m NN2000, og +3,5 m NN2000 for tiltak i F3. Konstruksjoner, som pga. sin funksjon legges under disse nivåene eller i bølgeutsatte områder, skal dimensjoneres mot effekten av stormflo og bølger (kaier, bruer, pumpehus osv.). Flaum er også omtalt i ROS-analysen (dokument 4).

6.11 Skred

Norconsult AS har på oppdrag Vanylven kommune gjennomført en skredfarevurdering av store delar av Åheim sentrum i samband med dette planarbeidet.

På bakgrunn av utførte undersøkingar er det vurdert at:

- Detaljreguleringsplanen for Åheim sentrum oppfyller krav til tryggleik mot alle typer skred i samsvar med byggt teknisk forskrift (TEK17) §7-3 «Sikkerhet mot skred».
- Kartleggingsområdet har tilstrekkeleg tryggleik mot alle typer skred for sikkerheitsklasser (S1, S2 og S3) då nominell årleg sannsynlegheit for skred er vurdert å vere mindre enn 1/5000.

For nærare informasjon vert det vist til skredfarevurderinga i vedlegg 7.

6.12 Støy

Klima- og miljøverndepartementet sin rettleiing for handsaming av støy i arealplanlegging (T-1442:2021) er lagt til grunn. Målet er å oppfylle retningslinja sine tre kvalitetskriterie for støy (grenseverdi 55 dB (Lden) på uteoppfaldsplass, min. ei stille side der støynivå utanfor vindauge til rom med støyfølsam bruk er maks 55 dB (Lden) samt at innandørs støynivå i bustader ikkje overstig 30 dB (Leq24h) iht NS-8175 klasse C / TEK). Ved etablering av støyfølsam arealbruk (bustadar) som kan vere utsett frå støy frå veg, jf. støykart X01 og X02 i Støyutredningen (vedlegg 8 til reguleringsplanen), skal støynivå- og ev. tiltak oppfylle krav i retningslinje T-1442:2021, eller seinare regelverk. Bustadområder som må vurderast for støytiltak er BFS1, BFS2 og BFS3. Konkret utforming og utføring av lokale støytiltak blir avklart i samråd med den aktuelle eigaren, og eventuelt gjennom byggesaksbehandling dersom tiltaket er søknadspliktig. Ved fasadetiltak skal det sikrast tilfredsstillande ventilasjon i samsvar med byggt teknisk forskrift. For bygningar bygd før 1987 og der kostnadane med støytiltak blir uforholdsmessig høge, kan ein avvike frå grenseverdiane for innandørs støy med opptil 5 dB, tilsvarende krava i NS 8175 klasse D. Støytiltak skal vere ferdigstilt før nye veganlegg blir opna for trafikk.

Støy frå eventuelle ny næringsverksemd må kartleggast meir detaljert når konkrete planar for fremtidige verksemd føreligg. Vifter og tekniske installasjonar skal ikkje lokalisert inn mot støyfølsame bygg, parkar eller torg. Kommunen kan pålegge utbyggar skjerpa grenseverdiar dersom fleire installasjonar er samla på eitt område eller for å redusere ulemper ved næringsverksemd sine varemottak, innkøyrslar og andre støyande områder.

Berekning av støy frå vegtrafikk viser at planområdet i hovudsak ligg utanfor gul støysone frå vegtrafikk, medan nokre areal ligg heilt eller delvis innanfor gul støysone. Ingen areal ligg i raud sone.

Generelt vil det i seinare fasar vere naudsynt å gjere nærare vurderingar av bygg som ligg i gul støysone frå vegtrafikk i framtidig situasjon (BFS1, BFS2, BFS3). For ny støyfølsam busetnad må det gjerast detaljerte berekningar når byggeteikningar og situasjonsplan er utarbeidd slik at boeiningar er sikra ei stille side, uteareal med støynivå under nedre grenseverdi for gul sone, og at innandørs lydnivå ikkje kjem over gjeldande grenseverdi.

6.13 Teknisk infrastruktur

Høgspenlinja som kryssar planområdet i nord er lagt inn med ei faresone på reguleringsplankartet og det er knytt føresegnar til dette området som hindrar utbygging i nødvendig avstand.

6.14 Risiko- og sårbarheitsanalyse

Med utgangspunkt i forslag til detaljregulering av Åheim sentrum er det gjennomført en risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS-analyse). Det har blitt gjennomført en innledende fareidentifikasjon og sårbarhetsvurdering av de temaer som gjennom fareidentifikasjonen fremsto som relevante. Følgende farer har blitt utredet: Skredfare bratt terreng, ustabil grunn, flom i vassdrag, havnivåstigning, stormflo og bølgepåvirkning, ekstremnedbør, brann/ eksplosjon industrianlegg, akutt forurensning, transport av farlig gods, elektromagnetiske felt og sårbare bygg. Av disse fremsto planområdet som moderat sårbart for flom i vassdrag og havnivåstigning, stormflo og bølgepåvirkning. Da disse farene er regulert av absolutte sikkerhetskrav i TEK 17 er det ikke funnet grunnlag for å gjennomføre en detaljert hendelsesbasert risikovurdering av temaene. Nye bygg i området må tilfredsstille kravene som TEK17 setter for nyetableringer. Dette følges også opp gjennom planen, med etablering av hensynssone inkludert bestemmelser.

Det er gjennom fareidentifikasjon og sårbarhetsvurdering, identifisert tiltak som det ut fra samfunnssikkerhetshensyn er nødvendig å gjennomføre for å unngå å bygge sårbarhet inn i dette planområdet:

- Etablere nødvendig hensyn med tilhørende bestemmelser som ivaretar kravene som stilles i TEK17 § 7-2 i forhold til flom i vassdrag og havnivåstigning, stormflo og bølgepåvirkning
- Fremtidige større utbygginger i området må dimensjonere overvannsystem i henhold til forventede endringer i nedbørsregime.
- Dersom det etableres industri i området som representerer en brann og eksplosjonsfare bør det vurderes krav om at det skal inngå i samarbeid med eksisterende industrivern på Sibelco gitt at nærmeste brannstasjon er i bygda Fiskå, 20 minutter kjøretid unna.
- Kommunen bør vurdere om det skal iverksettes flomsikringstiltak rundt omsorgsboligene for å øke sikkerheten ved fremtidige flom og stormflosituasjoner. Det bemerkes at ved fremtidige ombygginger som krever søknad etter plan- og bygningsloven vil bestemmelsene til hensynsonen som etableres gjøre seg gjeldende.
- Fremtidig anleggsarbeid må hensyn ta skoleelever og sikre trygg skolevei i den perioden.
- Det må etableres hensynssone rundt eksisterende kraftlinjer (66 kV) til Sibelco som går gjennom fremtidig næringsområde.

Alle forhold er ivare tatt i planens bestemmelser.